

## KOMMISJONSVEDTAK

2009/EØS/10/21

av 3. september 2002

## om fastsetjing av reviderte miljøkriterium for tildeling av fellesskapsmiljømerket til innandørs måling og lakk, og om endring av vedtak 1999/10/EF(\*)

[meldt under nummeret K(2002) 3202]

(2002/739/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1980/2000 av 17. juli 2000 om ei revidert fellesskapsordning for tildeling av miljømerke<sup>(1)</sup>, særleg artikkel 6 nr. 1 andre leddet, og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) I medhald av forordning (EF) nr. 1980/2000 kan fellesskapsmiljømerket tildelast eit produkt som har eigenskapar som gjer at det medverkar til ei monaleg betring av dei viktigaste miljøfaktorane.
- 2) I forordning (EF) nr. 1980/2000 er det fastsett at det skal fastsetjast særlege kriterium for tildeling av miljømerke for kvar produktgruppe.
- 3) I forordninga er det òg fastsett at både kriteria for tildeling av miljømerke og krava med omsyn til vurdering og kontroll i samband med kriteria skal vurderast på nytt i god tid før slutten av det tidsrommet som dei kriteria som er spesifiserte for kvar produktgruppe, gjeld for. Vurderinga skal føre til eit framlegg om lenging, tilbakekalling eller revisjon.
- 4) Dei miljøkriteria som vart fastsette ved kommisjonsvedtak 1999/10/EF av 18. desember 1998 om fastsetjing av miljøkriteria for tildeling av fellesskapsmiljømerket til måling og lakk<sup>(2)</sup> bør reviderast, slik at det vert teke omsyn til marknadsutviklinga. Samstundes bør tidsrommet som dette vedtaket skal gjelde for, slik det vart lengt ved vedtak 2001/608/EF<sup>(3)</sup>, og definisjonen av produktgruppa, endrast.

- 5) Det bør gjerast eit nytt kommisjonsvedtak der det vert fastsett særskilde miljøkriterium for denne produktgruppa som skal gjelde i eit tidsrom på fem år.
- 6) Både dei nye kriteria som vert fastsette ved dette vedtaket, og dei kriteria som er fastsette tidlegare ved vedtak 1999/10/EF, bør gjelde samstundes i eit avgrensa tidsrom på høgst tolv månader, slik at føretak som har fått tildelt eller har søkt om å få tildelt miljømerket for produkta sine før dette nye vedtaket vart gjort, har nok tid til å kunne tilpasse desse produkta slik at dei vert i samsvar med dei nye kriteria.
- 7) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, byggjer på det utkastet til kriterium som vart utarbeidd av Utvalet for miljømerking i Den europeiske unionen, som vart oppnemnt i medhald av artikkel 13 i forordning (EF) nr. 1980/2000.
- 8) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå det utvalet som er oppnemnt i medhald av artikkel 17 i forordning (EF) nr. 1980/2000 —

GJORT DETTE VEDTAKET:

*Artikkel 1*

For å kunne få tildelt fellesskapsmiljømerket i medhald av forordning (EF) nr. 1980/2000 må måling og lakk høyre inn under produktgruppa «innandørs måling og lakk» slik det er definert i artikkel 2, og stette dei miljøkriteria som er fastsette i vedlegget til dette vedtaket.

(\*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EFT L 236 av 4.9.2002, s. 4, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 48/2006 av 28. april 2006 om endring av EØS-avtalens vedlegg XX (Miljø), se EØS-tillegget til *Den europeiske unions tidende* nr. 34 av 29.6.2006, s. 10.

<sup>(1)</sup> TEF L 237 av 21.9.2000, s. 1.

<sup>(2)</sup> TEF L 5 av 9.1.1999, s. 77.

<sup>(3)</sup> TEF L 214 av 8.8.2001, s. 43.

*Artikkel 2*

1. Produktgruppa «innandørs måling og lakk» skal omfatte innandørs dekorasjonsmåling og –lakk, trebeis og tilsvarende produkt, i samsvar med nr. 2, til yrkes- og heimebruk, og som først og fremst er utvikla til innandørs bruk og vert marknadsført som dette.

Dette omfattar m.a. golvdekke og golvmåling, produkt som distributørane har brekt etter ønske frå amatørmaalalarar eller profesjonelle interiørmålarar, dekorasjonsmåling i væske- eller pastaform som produsenten har tilpassa, brekt eller klargjort for å oppfylle ønska til forbrukarane, medrekna grunning (og mellomstrøksmåling) til slike produktsystem.

2. «Måling» tyder eit pigmenthaldig dekkmateriale, i væske-, pasta- eller pulverform, som når det vert påført eit underlag, dannar ei ugjennomsiktig hinne som har vernande, dekorative eller særskilde tekniske eigenskapar.

«Lakk» tyder eit klart dekkmateriale som når det vert påført eit underlag, dannar ei fast, gjennomsiktig hinne som har vernande, dekorative eller særskilde tekniske eigenskapar.

Etter påføringa tørkar målinga eller lakken til ei fast, vedhangande og vernande hinne.

Dekorasjonsmåling og –lakk er måling og lakk som vert nytta i og på bygningar og til utsmykking og innreiing av bygningar, til dekorasjon og til vern. Dei vert påførde på staden. Dei vert først og fremst nytta for dekorasjonsføremål, men òg til vern.

Trebeis (lasur) er dekke som gjev ei gjennomsiktig eller halvgjennomsiktig hinne til dekorasjon og til vern av tre mot vêr og vind, slik at vedlikehaldet vert lett å utføre.

3. Følgjande produkt er ikkje omfatta av produktgruppa:

- a) rustvernmiddel,
- b) grohemmande middel,
- c) tre-impregneringsmiddel,
- d) middel til særlege industri- og yrkesføremål, medrekna kraftige dekke og tokomponentprodukt,
- e) spesialprodukt, medrekna særlege middel mot misfarging og grunningar med høg gjennomtrengingsevne,

- f) fasademåling,
- g) alle produkt som først og fremst er utvikla til utandørs bruk og vert marknadsførde som dette.

*Artikkel 3*

For administrative føremål vert produktgruppa «innandørs måling og lakk» tildelt kodenummeret «007».

*Artikkel 4*

I vedtak 1999/10/EF skal artikkel 3 lyde:

*«Artikkel 3*

«Definisjonen av og dei særskilde miljøkriteria for produktgruppa skal gjelde fram til 31. august 2003.»

*Artikkel 5*

Dette vedtaket skal nyttast frå 1. september 2002 til 31. august 2007.

Produsentar av produkt som høyrer inn under produktgruppa «måling og lakk», og som alt har fått tildelt miljømerket før 1. september 2002, kan halde fram med å nytte merket fram til 31. august 2003.

Produsentar av produkt som høyrer inn under produktgruppa «måling og lakk», og som alt har søkt om å få tildelt miljømerket før 1. september 2002, kan få tildelt miljømerket på dei vilkåra som er fastsette i vedtak 1999/10/EF. I slike tilfelle kan merket nyttast fram til 31. august 2003.

*Artikkel 6*

Dette vedtaket er retta til medlemsstatane.

Utfërda i Brussel, 3. september 2002.

*For Kommissjonen*

Margot WALLSTRÖM

*Medlem av Kommissjonen*

## VEDELEGG

## MÅLSETJING

**Føremålet med kriteria**

Desse kriteria skal særleg:

- fremje effektiv bruk av produktet og minst mogleg avfall,
- redusere miljørisikoar og andre risikoar (t.d. ozon i troposfæren) ved å minske utsleppa av løysemiddel,
- redusere utsleppa i vatn av giftige eller på andre måtar ureinande stoff.

Kriteria er fastsette på ein slik måte at dei fremjar merking av innandørs måling og lakk som har liten innverknad på miljøet.

**Krav med omsyn til vurdering og kontroll**

Dei særlege krava til vurdering og kontroll er førde opp under kvart kriterium.

Når søkjaren skal leggje fram fråsegner, dokumentasjon, analysar, prøvingsrapportar eller andre prov som stadfestar at produktet stettar kriteria, kan dette kome frå søkjaren sjølv og/eller frå leverandøren eller leverandørane til søkjaren og/eller frå underleverandøren eller underleverandørar osv., alt etter korleis det høver.

Det kan eventuelt nyttast andre prøvingsmetodar enn dei som er førde opp under kvart kriterium dersom det rette organet som vurderer søknaden, meiner at dei er jamgode.

Om naudsynt kan dei rette organa krevje utfyllande dokumentasjon og utføre uavhengige kontrollar.

Dei rette organa vert rådde til å ta omsyn til gjennomføringa av godkjende miljøstyringsordningar, t.d. EMAS eller EN ISO 14001, når dei vurderer søknader og fører tilsyn med at kriteria vert stetta. (NB: Det er ikkje påkravd å gjennomføre slike styringsordningar.)

## KRITERIUM

1. **Kvite pigment**

- a) **Innhaldet av kvite pigment** (innhaldet av kvite uorganiske pigment med eit brytingstal som er større enn 1,8): Målinga skal ha eit innhald av kvite pigment som er mindre enn eller lik 38 g per m<sup>2</sup> tørr hinne med ein opasitet på 98 %. Dette kravet gjeld ikkje for lakk og beis.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal anten leggje fram ei fråsegn om at kvite pigment ikkje vert nytta, eller opplyse om innhaldet av kvite pigment og spreieevna deira (slik det krevst i kriterium 6 bokstav a), saman med ei detaljert utrekning som syner at dette kriteriet er stetta.

- b) **Titandioksid:** Utslepp av og avfall frå framstillinga av alt pigment av titandioksid som vert nytta, skal ikkje overstige følgjande verdiar:
- SO<sub>x</sub>-utslepp (uttrykt som SO<sub>2</sub>): 300 mg per m<sup>2</sup> tørr hinne (med ein opasitet på 98 %),
  - sulfatavfall: 20 g per m<sup>2</sup> tørr hinne (med ein opasitet på 98 %),
  - kloravfall: 5, 9 og 18 g per m<sup>2</sup> tørr hinne (med ein opasitet på 98 %), for høvesvis nøytral rutil, syntetisk rutil og slagg. *Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal anten leggje fram ei fråsegn om at titandioksid ikkje vert nytta, eller leggje fram utfyllande dokumentasjon om høvesvis utsleppsnivåa og avfallet for desse parametranne, innhaldet av titandioksid i produktet, spreieevna (slik det krevst i kriterium 6 bokstav a), saman med detaljerte utrekningar som syner at dette kriteriet er stetta.

2. **Flyktige organiske sambindingar (VOC)**

Innhaldet av flyktige organiske sambindingar skal ikkje overstige:

- for veggmåling (i samsvar med EN 13300): 30 g/l (minus vatn),

- for annan måling med ei spreieevne på minst 15 m<sup>2</sup>/l med ei dekkevne på 98 % opasitet: 250 g/l (minus vatn),
- alle andre produkt (medrekna måling som ikkje er veggmåling og som har ei spreieevne på under 15 m<sup>2</sup>/l, lakk, beis, golvdekke og golvmåling og tilsvarande produkt): 180 g/l (minus vatn). I denne samanhengen er ei flyktig organisk sambinding alle organiske sambindingar som har eit kokepunkt (eller startkokepunkt) som er lågare enn eller lik 250 °C ved normale trykktilhøve.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er stetta. Søkjaren skal opplyse om innhaldet av flyktige organiske sambindingar for alle produkt. Der det er aktuelt, skal det opplysast om spreieevna (målt slik det krevst i kriterium 6 bokstav a)).

### 3. *Flyktige aromatiske hydrokarbon (VHS)*

Innhaldet av flyktige aromatiske hydrokarbon skal ikkje overstige:

- for veggmåling (i samsvar med EN 13300): 0,15 % av produktet (m/m),
- for alle andre produkt (medrekna all annan måling, lakk, beis, golvdekke, golvmåling og tilhøyrande produkt): 0,4 % av produktet (m/m). I denne samanhengen er aromatiske hydrokarbon alle hydrokarbon med eit kokepunkt som er lågare enn eller lik 250 °C ved normale trykktilhøve, og med minst éin aromatisk kjerne i strukturformelen.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er stetta. Søkjaren skal opplyse om innhaldet av flyktige aromatiske hydrokarbon for alle produkt.

### 4. *Tungmetall*

Dei følgjande tungmetalla eller sambindingane deira skal ikkje nyttast som delemlene i produktet (verken som stoff eller som del av ei stoffblanding som vert nytta): kadmium, bly, krom VI, kvikksølv, arsen.

Delemlene kan likevel innehalde sporstoff som stammar frå ureinske i råmateriala.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er stetta.

### 5. *Farlege stoff*

- a) **Produktet:** Produktet skal ikkje vere klassifisert som svært giftig, giftig, farleg for miljøet, kreftframkallande, reproduksjonsgiftig eller arvestoffskadeleg i samsvar med direktiv 1999/45/EF.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er stetta, saman med ei liste over delemlene og tilhøyrande dokumentasjon (t.d. material- og tryggleiksdatablad).

- b) **Delemlene** (svært giftige, giftige, kreftframkallande, arvestoffskadelege, reproduksjonsgiftige: Produktet skal ikkje innehalde delemlene (stoff eller stoffblanding) som på tidspunktet for søknaden er vortne eller kan verte tildelte ei av dei følgjande risikoseiningane (eller kombinasjonar av dei):

- R23 (giftig ved innandring)
- R24 (giftig ved hudkontakt)
- R25 (giftig ved svelging)
- R26 (svært giftig ved innandring)
- R27 (svært giftig ved hudkontakt)
- R28 (svært giftig ved svelging)
- R39 (fare for alvorleg varig helseskade)
- R45 (kan føre til kreft)
- R46 (kan føre til arvelege skadar)
- R48 (alvorleg helsefare ved påverknad i lengre tid)
- R60 (kan skade forplantingsevna)
- R61 (kan gje fosterskadar)

slik det er fastsett i rådsdirektiv 67/548/EØF av 27. juni 1967 om tilnærming av lover og forskrifter om klassifisering, emballering og merking av farlege stoffer, og seinare endringar av direktivet, eller i europaparlaments- og rådsdirektiv 1999/45/EF av 31. mai 1999 om tilnærming av medlemsstatenes lover og forskrifter om klassifisering, emballering og merking av farlege stoffblandinger<sup>(1)</sup>, og seinare endringar av direktivet. Verksame stoff som vert nytta som konserveringsmiddel i formelen, og som er tildelt risikoseining R23, R24, R25, R26, R27, R28, R39 eller R48 (eller kombinasjonar av dei), kan likevel nyttast opptil ei grense på 0,1 % (m/m) av den samla samansetnaden av produktet.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er stetta, saman med ei liste over delemlene og tilhøyrande dokumentasjon (t.d. material- og tryggleiksdatablad).

- c) **Delemlene** (farlege for miljøet): Produktet skal ikkje innehalde delemlene (stoff eller stoffblanding) som på tidspunktet for søknaden er vortne eller kan verte tildelte ei av dei følgjande risikoseiningane (eller kombinasjonar av dei):

- R50 (svært giftig for vassorganismar),

<sup>(1)</sup> TEF L 200 av 30.7.1999, s. 1.

R51 (giftig for vassorganismar),

R52 (skadeleg for vassorganismar),

R53 (kan føre til uønskte langtidsverknader i vassmiljøet),

slik det er fastsett i direktiv 67/548/EØF eller direktiv 1999/45/EF, og skal ikkje overstige 2,5 % av massen til produktet. Den samla summen av alle delemna som er tildelte eller kan verte tildelte ein av desse risikoseiningane (eller kombinasjonar av dei) på tidspunktet for søknaden, skal ikkje overstige 5 % av massen til produktet.

Dette kravet gjeld ikkje for ammoniakk, alkylammoniakk eller alkylamin.

Dette kravet verkar ikkje inn på plikta til å stette det kravet som er fastsett i kriterium 5 bokstav a) ovanfor.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er stetta, saman med ei liste over delemne og tilhøyrande dokumentasjon (t.d. material- og tryggleiksdatablad).

- d) **Alkylfenoletoksylat (APEO):** APEO skal ikkje nyttast.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er stetta.

- e) **Glykoleter:** Dietylenglykolmetyleter (DEGME, CAS-nr. 111-77-3) skal ikkje nyttast.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er stetta.

- f) **Isotiazolinonsambindingar:** Innhaldet av isotiazolinonsambindingar i produktet skal ikkje overstige 500 ppm. Innhaldet av blandinga av 5-klor-2-metyl-2H-isotiazol-3-on (EF-nr. 247-500-7) og 2-metyl-2H-isotiazol-3-on (EF-nr. 220-239-6) (3:1) skal ikkje overstige 15 ppm.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er stetta, og opplyse om dei mengdene som (eventuelt) er nytta.

- g) **Formaldehyd:** Innhaldet av fritt formaldehyd som finst i produktet, skal ikkje overstige 10 mg/kg. Stoff som gjev frå seg formaldehyd, kan berre tilsetjast i slike mengder at det samla innhaldet av fritt formaldehyd ikkje vil overstige 10 mg/kg.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal leggje fram ei fråsegn om at dette kriteriet er stetta og opplyse om dei mengdene som (eventuelt) finst, målt etter Merckoquant-metoden (sjå t.d. tillegg 2 til RAL-UZ 102). Som eit alternativ kan innhaldet av formaldehyd målast i samsvar med VdL-RL 03-metoden (VdL-retningslinje 03) «Konsentrasjon av formaldehyd i metallemballasje, fastsett etter acetyl-aceton-metoden»; i dette tilfellet skal den målte konsentrasjonen ikkje overstige 100 ppm. Andre tilsvarende prøver kan nyttast.

## 6. **Dugleik**

- a) **Spreieevne:** Måling skal ha ei spreieevne (ved ei dekkevne på 98 %) på minst 8 m<sup>2</sup> per liter av produktet.

Tjukk dekorasjonsmåling (måling som er særskilt utforma for å gje ein tredimensjonal dekorativ verknad, og som følgeleg gjev eit svært tjukt lag) skal ha ei spreieevne på 2 m<sup>2</sup> per kg av produktet.

Dette kravet gjeld ikkje for lakk, beis, golvdekke, golvmåling, mellomstrøksmåling eller heftgrunning.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren og/eller leverandøren eller leverandørane til søkjaren skal leggje fram ein prøvingsrapport på grunnlag av metoden ISO 6504/1 (Måling og lakk — fastsetjing av dekkevne — del 1: Kubelka-Munk-metoden for kvit og lettfarga måling) eller 6504/3 (Del 3: fastsetjing av høvet mellom kontrastar (opasitet) til lettfarga måling ved ei fastsett spreieevne) eller (for måling som er særskilt utforma for å gje ei tredimensjonal dekorativ verknad og gjev eit svært tjukt lag) metoden NF T 30 073 (eller tilsvarende).

- b) **Motstandsevne mot våtskrubbing:** Veggmåling (i samsvar med EN 13300) som er påført opplysningar (anten på produktet eller i tilhøyrande marknadsføring) om at han kan vaskast eller reingjerast, skal ha ei motstandsevne mot våtskrubbing målt etter EN 13300 og EN ISO 11998 som minst svarar til klasse 3 (må ikkje overstige 70 mikrometer etter 200 syklusar). Dersom det er gjeve opplysningar om at slik måling kan børstast rein, skal målinga ha ei motstandsevne mot våtskrubbing som minst svarar til klasse 2 (må ikkje overstige 20 mikrometer etter 200 syklusar).

Golvdekke og golvmåling skal ha ei motstandsevne mot våtskrubbing som svarar til klasse 1 (må ikkje overstige 5 mikrometer etter 200 syklusar).

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren og/eller leverandøren eller leverandørane til søkjaren skal leggje fram ein prøvingsrapport i samsvar med EN 13300 på grunnlag av metoden EN ISO 11998 (Prøving av reingjeringssevne og motstand mot skrubbing).

- c) **Motstandsevne mot vatn:** Lakk, golvdekke og golvmåling skal ha ei motstandsevne mot vatn slik det er fastsett i EN ISO 2812-1 metode 2, slik at det etter 24 timars eksponering og 16 timars kviletid ikkje kan påvisast noka endring i glans eller farge.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren og/eller leverandøren eller leverandøren hans skal leggje fram ein prøvingsrapport på grunnlag av metoden ISO 2812/1 metode 2 (Maling og lakk — bestemmelse av væskebestandighet — Del 1: Generelle metoder).

- d) **Hefteevne:** Golvdekke, golvmåling og mellomstrøkmåling skal oppnå minst 2 i prøven på hefteevne i EN 2409.

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren og/eller leverandøren eller leverandørane til søkjaren skal leggje fram ein prøvingsrapport på grunnlag av metoden EN ISO 2409.

- e) **Slitestyrke:** Golvdekke og golvmåling skal ha ei motstandsevne mot våtskrubbing som svarar til klasse 1 i samsvar med standarden EN 13300 (må ikkje overstige 5 mikrometer etter 200 syklusar).

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren og/eller leverandøren eller leverandørane til søkjaren skal leggje fram ein prøvingsrapport som syner at dette kriteriet er stetta, på grunnlag av den metoden som er nemnd i EN ISO 13300 (EN ISO 7784).

## 7. Forbrukarinformasjon

Emballasjen skal vere påført eller vedlagd følgjande opplysningar:

- Kva føremål, underlag og bruksvilkår produktet er meint for. Dette skal omfatte råd om førebuaende arbeid osv., t.d. korrekt preparering av underlaget, råd om eventuell utandørs bruk eller om temperatur.
- Råd om reingjering av verktøy og høveleg handtering av avfall (for å avgrense vassureining). Desse råda skal tilpassast den aktuelle produkttypen og det aktuelle bruksområdet, og det kan nyttast piktogram dersom dette er føremålstenleg.
- Råd om korleis produktet bør lagrast etter opning (for å avgrense mengda av fast avfall), medrekna råd om tryggleik der dette er føremålstenleg.
- Råd om vernetiltak for målaren, særleg når det gjeld arbeid i lukka rom eller med måling i klasse 2 eller med høgt innhald av faste stoff. Emballasjen skal vere påført eller vedlagd følgjande tekst (eller tilsvarande):

«Flere opplysningar om kvifor dette produktet er tildelt fellesskapsmiljømerket, er å finne på nettstaden <http://europa.eu.int/ecolabel>»

*Vurdering og kontroll:* Eit eksemplar av emballasjen til produktet skal leggjast ved søknaden, saman med ei fråsegn om at dette kriteriet er stetta.

## 8. Opplysningar på miljømerket

Felt 2 av miljømerket skal innehalde følgjande tekst:

«Godt eigna til innandørs bruk  
Restriksjonar på bruk av farlege stoff  
Lågt innhald av løysemiddel».

*Vurdering og kontroll:* Søkjaren skal leggje fram ei prøve på emballasjen til produktet som òg syner etiketten, saman med ei fråsegn om at dette kriteriet er stetta.